



Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykker:
Vår: 19/630 - 19/17870

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
06.06.2019

Løyve til utbetring av naust - gbnr 177/57 Nesse

Administrativt vedtak. Saknr: 336/19

Tiltakshavar: Åshild Hørte Langøy
Ansvarleg søker: Seim Bygg AS
Søknadstype: Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2.
Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om rehabilitering av bygget og drenering bak eksisterande naust, ved å senka terrenget ca 3 meter (graving og sprenging).

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen.
Det vert elles vist til søknad motteken 26.04.2019 og supplert 17.03.2019

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 17.03.2019, og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (tbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå søknadsdatoen pluss den tida det har teke å henta inn tilleggsopplysningar/høyringsuttale.

Planstatus

Arealet er uregulert og sett av til naust i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 (KPA).
Kommuneplanen , som har eit generelt krav om reguleringsplan for byggeområde. Planen har byggegrense mot sjø framfor eksisterande naust.

Kommuneplan

Oversikt

Skråfoto

Situasjonsplan

The figure consists of four panels. The top-left panel, 'Kommuneplan', shows a detailed map of a coastal area with various land parcels labeled with codes like 177/19, 177/11, 177/20, 177/57, 177/58, 177/59, 177/60, 177/61, 177/62, 177/63, 177/64, 177/65, and 177/66. The top-right panel, 'Oversikt', is a broader topographic map of the region, showing Lurefjorden, Lindas, Hundvin, Myking, Lygra, Austmarka, Sæbø, Seim, Alverstraumen, Meland, Leknes, and Eikanger. The bottom-left panel, 'Skråfoto', is an aerial photograph of a waterfront area with buildings, boats, and a small pier. The bottom-right panel, 'Situasjonsplan', is a site plan showing the terrain being cleared to the property boundary. It includes text in Norwegian: 'Terreng fjernes til tomtegrense. Skjæring / Skråning tilpasses terreng og sikkres med gjerde.' and 'Tinglyst veirett'. The plan shows the same land parcels as the first panel.

Dispensasjonssøknad

Det er søkt om dispensasjon frå kravet om utarbeidning av reguleringsplan :

Vi ønsker å søke dispensasjon fra bestemmelsen i Kommuneplan.

Arealdel av Kommuneplan 2011-2023: § 1.1 Krav om regulerings plan.

Planlagt tiltak er rehabilitering av eksisterende nøst. Mur i bakvegg er i dårlig stand og fukt renner inn i nøstet. Ønsket er å fjerne masser for drenering rundt nøst.

Årsaken til ønske dispensasjoner er at vi finner det urimelig å utarbeide en regulerings plan for terreng inngrep på tomten. Det vi være en svært kostbar og tidkrevende prosess om det må utarbeides en regulerings plan for Terreng inngrep på enkelt tomter.

Fordelen med å gi dispensasjon er klart større en ulempene og hensikten med bestemmelsen kan heller ikke sies å bli vesentlig tilsladesatt, verken for helse, miljø, sikkerhet eller tilgjengelighet, snarere tvert i mot så vi dette tiltaket øke tilgjengelighet til strandsonen.

Uttale frå anna styresmakt

Søknaden har vore sendt på høyring til Fylkesmannen i Vestland. Det har ikkje komme merknad til søknaden. Fylkesmannen i Vestland får vedtaket til klagevurdering.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan motteken 26.04.2019

Vatn og avløp (VA)

Ikkje relevant.

Tilkomst, avkøyrsla og parkering

Ingen endringar.

Terrenghandsaming

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terrenget, og plassering i høve terrenget.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Avfallsplan

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan etter TEK § 9-6.

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

VURDERING

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensed frå ikkje verte vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulepper dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

I vurderinga av fordelar og ulepper har kommunen særleg lagt vekt på at søknaden gjeld eit lite terrengeingrep på ei utbygd nausttomt eit tiltak sum det vil vera urimeleg å kreva reguleringsplan for. Tiltaket vil ikkje vanskeleggjera ei samla planlegging av naustområdet.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå krav om utarbeiding av reguleringsplan er oppfylt.

Tekniske krav til byggverk

Kommunen har vurdert søknaden om fråvik frå tekniske krav sett i byggteknisk forskrift TEK og legg ansvarleg sokjar si vurdering til grunn. Kommunen finn at vilkåra for å fråvika tekniske krav til byggverk er oppfylt.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

Tiltaksklasse

Kommunen legg sokjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nyttat rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen sin arealdel, jf. pbl § 11-6, for utbetring av naust med senking av terrenget i samsvar med søknad.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for utbetring av naust med senking av terrenget på følgjande vilkår:

- Dersom det skal gravast, sprengast eller fyllast nærare enn 1 meter frå nabogrensa, skal det leggast fram skriftleg samtykke frå nabo.

Fylkesmannen i Vestland får dispensasjonsvedtaket til klagevurdering.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvært. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nyttal fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/630

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Amund Langøy

Mottakarar:

Seim Bygg AS
Åshild Hørte Langøy

Nesbrekka 28 5912
Seimsstranda 567 5912
SEIM
SEIM